

Saksbehandlar: Trude Helen Flåten, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 15/8057-2

Klage på førehandstilsegn for ny avkøyrslø - Juv, Stryn kommune

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet som klagenemnd til å gjere slikt vedtak:

Klage frå Ragnhild Berge Leite over Statens vegvesen sitt vedtak i brev av 19.05.15 vert ikkje teken til følge.

Vedlegg:

1. Oversending av klage frå Statens vegvesen, dagsett 01.07.15
2. Vedlegg til oversending av klage
3. Brev frå Rønnaug Berge Leite, dagsett 10.07.15
4. E-post frå Statens vegvesen, dagsett 14.09.15

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Saka gjeld klage på vilkår for førehandstilsegn for ny avkøyrslø. Søkjar fekk løyve til opparbeiding av ny avkøyrslø, men Statens vegvesen sette som vilkår at det skal setjast opp ein låsbar bom over eksisterande avkøyrslø.

2. Bakgrunn for saka

Rønnaug Berge Leite skal setje opp to utleigehus på Juv (gbnr. 161/1) i Stryn kommune, og har i den samanheng søkt nytt løyve til avkøyrslø. Eigedommen ligg langs fylkesveg 725 mellom Utvik og Tistam.

Leite søkte først om utvida bruk av eksisterande avkøyrslø. Denne søknaden vart seinare erstatta av ein ny søknad med tre alternative løysingsforslag. Søknaden kom fram 04.05.15. Etter dialog mellom søkjar og sakshandsamar vart alternativ to i søknaden handsama i vedtaket. Alternativ to omfattar opparbeiding av ny avkøyrslø, samt bruk av eksisterande avkøyrslø som avlastingsveg. Bilete og illustrasjon av eksisterande avkøyrslø og forslag til ny avkøyrslø er vedlagt i vedtaket og brevet frå Rønnaug Berge Leite, sjå vedlegg 2 og 3.

Statens vegvesen var på synfaring på Juv 23.03.15. Regionvegkontoret gav førehandstilsegn for ny avkøyrslø ved vedtak dagsett 19.05.15. Statens vegvesen stilte fleire vilkår for løyvet, mellom anna eit vilkår om at det «må setjast opp ein låsbar bom over eksisterande avkøyrslø, slik at den til vanleg er stengd». Vedtaket er heimla i veglova §§ 40-43.

Leite klaga på vilkåret om låsbar bom i brev dagsett 25.05.15. I klagen skriv ho at grunna tilhøva i gardstunet vil det i mange tilfelle vere naudsynt å nytte eksisterande avkøyrslø. Søkjar hevdar vidare at sidan dei sjølve ikkje bur på Juv vil ein låsbar bom i eksisterande avkøyrslø

vere så godt som ei stenging av avkøyrsele. Leite meiner også at ho burde fått uttale seg om vilkåret før regionvegkontoret fatta vedtaket.

Regionvegkontoret fann ikkje grunnlag for å ta klagen til følgje, og sende saka over til fylkeskommunen som klageinstans ved brev dagsett 01.07.15

Etter oversendinga fekk fylkeskommunen eit brev frå Rønnaug Berge Leite dagsett 10.07.15. I brevet kjem ho med ytterlegare grunningjeving for klagen. Ho meiner mellom anna at låsbar bom kan skape farlege situasjonar.

På bakgrunn av brevet frå Leite bad fylkesrådmannen Statens vegvesen om ytterlegare saksopplysningar. Regionvegkontoret svarte i e-post dagsett 14.09.15.

Fylkeskommunen er klageinstans i saker som gjeld avkøyrsele frå fylkesveg. I Sogn og Fjordane fylkeskommune er det fylkesutvalet som er klagenemnd etter forvaltningslova § 28, jf. Delegeringsreglementet kap. 1.4.3.

3. Rettslege utgangspunkt

Avkøyrsele frå fylkesveg kan fastleggjast og regulerast i plan etter plan- og bygningslova. Dette er ikkje tilfelle i denne saka.

Det følgjer av § 40 (2) at avkøyrsele frå fylkesveg ikkje må byggast eller nyttast utan løyve frå regionvegkontoret. Regelen gir ingen kriterium for skjønnsutøvinga regionvegkontoret skal uttøve.

Formålet med veglova er ifølgje § 1a å sikre ei trygg og god trafikkavvikling, samt ta omsyn til miljøet og samfunnet elles. Desse omsyna må vektleggjast i vurderinga av avkøyrselesaker.

Både vegdirektoratet og samferdselsdepartementet har utarbeida retningslinjer for handsaming av avkøyrselesaker for riksvegar, sjå Handbok R701 og forskrift av 20. februar 2003 nr 193. Ifølgje retningslinjene skal ein søknad om ny avkøyrsele eller endra bruk av eksisterande avkøyrsele avgjerast etter ei avveging mellom følgjande moment:

- søkjaren si interesse i å få løyve
- omsynet til trafikktryggleiken
- omsynet til vegen sin transportfunksjon
- omsynet til vedlikehald av vegen.

Desse momenta vil også vere avgjerande i saker som gjeld avkøyrsele frå fylkesveg.

Omsynet til trafikktryggleiken veg tyngst i vurderinga. Det kan ikkje gjevast løyve dersom bruken vil vere uakseptabel ut frå omsynet til trafikktryggleik.

Veglova gir ingen eksplisitt heimel for å setje eit slikt vilkår som regionvegkontoret har gjort i denne saka. Det er sikker rett at når forvaltninga har ein viss fridom til å bestemme om avgjersle skal treffast, har den kompetanse til å setje vilkår om plikter, sjølv om det ikkje er klar heimel for det i lov. Vilåret må ha sakleg samanheng med løyvet, og kan ikkje vere uforholdsmessig tyngande i høve det det blir søkt om.

Vegdirektoratet omtalar løyve til ny avkøyrsele kombinert med stenging av eksisterande avkøyrsele som ei alternativ løysing som bør vurderast i avkøyrselesaker, sjå Vegdirektoratet si handbok punkt 6.5. Regionvegkontoret har dessutan ein sjølvstendig rett til å påby avkjørsle frå fylkesveg flytt eller endra, eller avgrense bruken eller nekte bruken av slik avkjørsle etter veglova § 41. Det er derfor ikkje tvilsamt at Statens vegvesen kan stille denne typen vilkår i avkøyrselesaker. Problemstillinga er om det er riktig å stille vilåret i den føreliggjande saka.

4. Regionvegkontoret si vurdering

Statens vegvesen viste til følgjande forhold som grunnlag for vilkåret om låsbar bom på eksisterande avkøyrslé:

- Omsynet til trafikktryggleik: Dårleg sikt og bratt stigning i eksisterande avkøyrslé gjer at Statens vegvesen ikkje kan gje løyve til utvida bruk av eksisterande avkøyrslé.
- Vanlegvis ville Statens vegvesen sett vilkår om at den eksisterande avkøyrslé skulle stengast heilt grunna for dårlege siktforhold. Regionvegkontoret meiner at vilkåret om låsbar bom er eit kompromiss i denne saka. Statens vegvesen går med på kompromisset fordi stenging av avkøyrslé vil medføre ulempe for søkjar.
- Låsbar bom skal sikre at eksisterande avkøyrslé ikkje får utvida bruk, men at flest mogleg nyttar den nye avkøyrslé som skal innfri krav til sikt, svingradius og stigning.
- Det er ikkje naudsynt å stogge på hovudvegen medan ein låser opp bommen. Bilen kan stå på parkeringsplassen ved garasjen aust om elva.
- Dersom nokon på veg ned eller opp ikkje klarer å stogge opp for bommen, stige ut, låse opp og køyre vidare bør dei ikkje nytte avkøyrslé. Då må vedkomande heller nytte den nye avkøyrslé. I tillegg er det mogleg å la bilen stå på parkeringsplassen eller på tunet medan ein låser eller låser opp bommen.
- Når det gjeld Leite sitt alternative løysingsforslag med halvbom skriv regionvegkontoret at dei ikkje kan sjå at ein halvbom er mindre funksjonsdyktig enn ein vanleg bom. Det må likevel vere eit krav at bommen skal vere låsbar. Det er søkjar sitt ansvar å halde bommen låst.

5. Vurderingar og konsekvensar

5.1 Sakshandsaming

Leite skriv i klagen at vilkåret om låsbar bom aldri har blitt nemnt som eit mogleg vilkår for ho, slik at ho kunne gi sitt syn til kjenne.

Etter forvaltningslova § 16 skal part som ikkje allereie ved søknad eller på annan måte har uttalt seg i saka bli gitt høve til å uttale seg. Leite har uttalt seg i saka både gjennom søknaden, i telefon- og e-postkorrespondanse med sakshandsamar og på synfaring.

Ny avkjørsel kombinert med stenging av eksisterande avkjørsel er nemnt som ei alternativ løysing i Vegdirektoratet sine retningslinjer. Der står det at det «er en fordel om en diskusjon og vurdering av alternative løsninger skjer på et tidligst mulig tidspunkt under saksbehandlingen». Regionvegkontoret kunne derfor gjerne nemnt vilkåret for søkjar tidlegare i prosessen. Det er likevel ikkje noko krav om at alternative løysingar eller vilkår skal leggjast fram for søkjar for uttale.

Formålet med partsuttale er at saka skal bli så godt opplyst som mogleg. I tillegg til søknad og telefon- og e-postkorrespondanse med Leite har Statens vegvesen vore på synfaring på Juv. Etter fylkesrådmannen sitt syn er retten til uttale godt nok ivareteken, og regionvegkontoret har gjort ei grundig utgreiing i saka.

5.2 Realitetshandsaming av klagen

Leite skal setje opp to utleigehus på eigedommen, og har derfor ei reell interesse i ny avkøyrslé eller utvida bruk av eksisterande avkøyrslé.

I klagen framhevar Leite tilhøva i gardstunet, som ho meiner gjer det naudsynt å nytte eksisterande avkøyrslé.

Søkjaren si interesse i at eksisterande avkøyrslé blir ståande open må vegast opp mot momenta som taler for låsbar bom over avkøyrslé.

Statens vegvesen grunngir vedtaket med dårlege siktforhold og bratt stigning i eksisterande avkøyrslé. Vegen sin primærfunksjon er lokaltrafikk, men avkøyrslé er bratt og ligg nær ein sving. Fartsgrensa på den aktuelle strekinga er dessutan 80 km/t. Utvida bruk av avkøyrslé vil kunne auke faren for trafikkulykker. Fylkesrådmannen er derfor samd i at omsynet til trafikktryggleiken tilseier at det ikkje blir gitt løyve til utvida bruk av avkøyrslé.

Leite meiner på si side at vilkåret om låsbar bom «skaper langt fleire og farlegare situasjonar med risiko for personskade og materiellskade på bilar enn slik det er i dag». Ho skriv at bilen må stå på fylkesvegen medan sjåføren låser opp bommen, at enkelte sjåførar ikkje er i stand til å gå ut av bilen ved bommen sidan det er så bratt, og at det ikkje vil vere mogleg å stoppe ved bommen når det er snø eller is.

Fylkesrådmannen er samd med regionvegkontoret i at bilen kan stå på parkeringsplassen når ein skal låse eller låse opp bommen. Dersom tilhøve ved sjåfør eller bil gjer at det ikkje er mogleg å stoppe for å låse eller låse opp bommen, kan vedkomande heller la bilen stå ved huset eller på parkeringsplassen. Dersom snø og is gjer at det ikkje er mogleg å stoppe for bommen kan det også vere fare for at det ikkje er mogleg å stoppe før fylkesvegen. Fylkesrådmannen er samd med Statens vegvesen i at eksisterande avkøyrslar i slike tilfelle ikkje bør nyttast i det heile. I tilfella Leite nemner er det ikkje bommen i seg sjølv som vil skape farlege situasjonar, men det at avkøyrsla er bratt og siktforholda er dårlege.

Fylkesrådmannen vil dessutan framheve at det er dokumentert at mange ulykker skjer i samband med private avkøyrslar frå hovudvegar. Statistikk viser at fleire avkøyrslar medfører større fare for trafikkulykker. Eit vilkår om låsbar bom over eksisterande avkøyrslar kan avgrense skadeverknadane ved at det blir gitt løyve til ny avkøyrslar.

Søkjjar skriv vidare at låsbar bom vil skape praktiske utfordringar i samband med utleige sidan ho ikkje bur på Juv. Fylkesmannen påpeikar at det er hovudsakleg den nye avkøyrsla som skal nyttast. Leite skriv sjølv at eksisterande avkøyrslar berre skal nyttast i dei tilfella det er naudsynt. Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at ein slik avgrensa bruk vil medføre ei stor ulempe for søkjjar.

Leite hevdar også at vilkåret om låsbar bom handlar om mistru til søkjjar, altså at regionvegkontoret trur Leite kjem til å nytte avkøyrslar meir enn naudsynt. Statens vegvesen skriv i e-post at bommen skal hindre uvedkomande i å nytte avkøyrslene. Etter fylkesrådmannen sitt syn viser regionvegkontoret søkjjar tillit ved å stille krav om låsbar bom, i staden for å stengje avkøyrslar heilt. Det er søkjjar som skal ha nøkkel og dermed har ansvaret for at avkøyrslar berre nyttast når det er naudsynt.

I vedtaket skreiv Statens vegvesen at det «må setjast opp ein låsbar bom over avkøyrslar, slik at den til vanleg er stengd». Leite har foreslått ei alternativ løysing med låsbar halv bom som står open når dei har bruk for det i turist- og bærseongen. Til dette kommenterer regionvegkontoret at dei «ikkje kan sjå at ein halv bom er mindre funksjonsdyktig enn ein vanleg bom, så lenge den er låsbar. Det er søkjjar sitt ansvar å ha bommen låst når avkøyrslar ikkje er i bruk.»

Fylkesrådmannen tolkar uttalen slik at vilkåret inneber eit krav om låsbar bom, enten halv bom eller vanleg bom, slik at avkøyrslene til vanleg er stengd. Det er altså ikkje av tyding om søkjjar vel å setje opp ein halv bom eller vanleg bom, så lenge formålet med vilkåret blir vareteke.

4. Konklusjon

Etter ei samla vurdering av momenta, med avgjerande vekt på omsynet til trafikktryggleik, meiner fylkesrådmannen at det var riktig av Statens vegvesen å stille vilkår om låsbar bom over eksisterande avkøyrslar. Kombinasjonen av løyve til ny avkøyrslar og låsbar bom over eksisterande avkøyrslar vil etter fylkesrådmannen sitt syn oppfylle søkjjar sitt behov for tilkomst til eigedommen, samstundes som løysinga er ei forbetring av trafikktryggleikssituasjonen på staden. Fylkesrådmannen ser ikkje nokon grunn til å gjere om på vedtaket som er gjort av regionvegkontoret. Fylkesrådmannen tilrår derfor at klagen ikkje vert teken til følge.